

# Innst. O. nr. 12

(2001-2002)

## Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om endringer i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering m.m.

Ot.prp. nr. 17 (2001-2002)

Til Odelstinget

### SAMANDRAG

Som følge av forslag i St.prp. nr. 1 (2001-2002) om reduksjon av trygdeperioden for permitterte, legger Arbeids- og administrasjonsdepartementet frem forslag om lov om endring i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering.

Det legges også frem forslag om å gjøre midlertidig lov 23. juni 2000 nr. 49 om endring i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering permanent.

Permitteringslønnsloven pålegger arbeidsgiver lønnsplikt for permittert arbeidstaker i en arbeidsgiverperiode på tre dager. Deretter ytes dagpenger etter folketrygdloven i inntil 52 uker før arbeidsgivers lønnsplikt gjeninntre. Endringen i permitteringslønnsloven går ut på at arbeidsgivers lønnsplikt skal gjeninntre etter en trygdeperiode på 26 uker.

I folketrygdloven reduseres perioden permitterte arbeidstakere kan få dagpenger tilsvarende fra 52 til 26 uker. Reglene skal bidra til sysselsetting i bransjer som er utsatt for variabelt aktivitetsnivå. På den annen side skal permitteringsregelverket forhindre at det bindes opp for mye arbeidskraft i disse bransjene.

På oppdrag fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet har Frischsenteret gjennomført en analyse av hvordan permitteringsregelverket påvirker varigheten av permitteringene. Analysen viser at økt generøsitet i permitteringsregelverket gjennom 1990-tallet har bidratt til å øke varigheten av permitteringsperiodene.

På bakgrunn av dette foreslås det en innstramming i forhold til dagens ordning. Departementet foreslår at trygdeperioden reduseres fra 52 til 26 uker. Endringen vil anslagsvis medføre en innsparing på 74 mill. kroner i 2002.

Lov om midlertidig endring i lov om lønnsplikt under permittering går ut på at arbeidsgivers lønnsplikt ikke gjeninntre etter at arbeidstaker har vært permittert i 52 uker, dersom den permitterte arbeidsta-

keren på det tidspunktet deltar i et arbeidsmarkedstiltak i regi av eller i samarbeid med arbeidsmarkedsetaten. Arbeidsgivers lønnsplikt gjeninntre først når arbeidsmarkedstiltaket er avsluttet. Den midlertidige endringen er vedtatt å gjelde ut 2001.

Departementet mener imidlertid det vil være hensiktsmessig å gjøre endringen permanent, selv om det i enkelte tilfeller kan medføre en forlengelse av permitteringsperioden. Grunnen til dette er at det vil være ønskelig å understøtte kompetansehevingen som følger endringen.

Når trygdeperioden halveres til 26 uker kan muligheten til å delta på arbeidsmarkedstiltak, uten at arbeidsgivers lønnsplikt løper, avhjelpe de ulemper innstrammingen vil kunne medføre. Dette gjelder både for den enkelte arbeidstaker og for bedriftene.

### MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigvald Oppebøen Hansen, Reidar Sandal, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og Signe Øye, frå Høgre, Peter Gitmark, Hans Kristian Hogsnes og Kari Lise Holmberg, frå Framstegspartiet, Torbjørn Andersen og Per Sandberg, frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen og Heikki Holmås, frå Kristeleg Folkeparti, Anita Apelthun Sæle og Ivar Østberg, og frå Senterpartiet leiareren Magnhild Meltveit Kleppa, viser til forslag i St.prp. nr. 1 (2001-2002) om reduksjon av trygdeperioden for permitterte. Forslaget krev endring i lov om lønnsplikt under permittering. Komiteen viser til at loven i dag gir den permitterte rett til dagpenger etter folketrygdloven i inntil 52 veker, før arbeidsgjevar si lønnsplikt blir teken opp att.

Komiteen er kjent med at det no blir gjort framlegg om at arbeidsgjevar si lønnsplikt skal gjerast gjeldande etter 26 veker og at perioden permitterte arbeidstakarar kan få dagpengar reduserast tilsvarande frå 52 til 26 veker.

Komiteen viser til at det er store variasjonar i bruk av permitteringar. Dette har ein klar samanhang med konjunkturane i løpet av året. Komiteen er kjent med at permitteringar i all hovudsak blir bruka i industrien og bygge- og anleggsbransjen.

Komiteen peikar på at regelen om rett til dagpengar ved permittering inneber at arbeidsgjevarar i periodar, når aktiviteten er låg, kan overlata sine lønnsplikter til trygdesystemet. Komiteen meiner at dette er ein viktig tryggleik for bedrifter og bransjar som er utsett for store svingingar i aktivitetsnivået. Likeins meiner komiteen at slike ordningar er vesentlege for arbeidstakarane med omsyn til økonomisk tryggleik i periodar med permittering.

Komiteen er samd i at dagens regelverk med lønnsplikt i 52 veker ikkje stimulerer dei permitterte til å gå over i anna arbeid eller å delta på arbeidsmarknadstiltak. Komiteen meiner at ei forkorting av trygdeperioden kan føre med seg at mange permitterte vil kome attende til ordinært arbeid mykje tidlegare. I den samanheng er det viktig å oppretthalde eit høgt nivå på arbeidsmarknadstiltaka.

Komiteen vil presisere at det er viktig å følgje utviklinga i denne saka nøye, og om nødvendig endre lova dersom endring vil føre til store negative konsekvensar for arbeidstakarane, eller at arbeidsløysa vil bli vesentleg større som ein konsekvens av denne lovendinga.

Komiteen slutter seg til framlegget i proposisjonen.

## TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om endringer i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering m.m.

### I

I lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering skal § 3 (2) første ledd første punktum lyde:

Arbeidstaker som i løpet av de siste 18 måneder har vært helt eller delvis permittert uten lønn i 26 uker til sammen, har krav på lønn og annet arbeidsvederlag fra arbeidsgiver for den overskytende permitterings-tid.

### II

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) skal § 4-7 annet ledd lyde:

Dagpenger kan ytes i inntil 26 uker i løpet av en periode på 18 måneder ved hel eller delvis permittering hos samme arbeidsgiver.

### III

I midlertidig lov 23. juni 2000 nr. 49 om endring i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering gjøres følgende endringer:

Lovens tittel skal lyde:

Lov om endring i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering

Del II nr. 2 oppheves.

### IV

Loven trer i kraft 1. januar 2002.

Oslo, i kommunalkomiteen, den 30. november 2001

**Magnhild Meltveit Kleppa**

leiar

**Sigvald Oppebøen Hansen**

ordførar

**Hans Kristian Hogsnes**

sekretær